



Norsk (Nynorsk)

MED HUND PÅ TUR



**Jærstrendene
landskapsvernområde**

*Ein guide til utandørs
hundehald på Jæren*

Kva reglar gjeld hund?

Viss du brukar band på hunden din, bidreg du til eit positivt hundehald. Då skaper du tryggleik for både deg, hunden din og andre.

Det er bandtvang for alle hundar frå **1. april**. Bandtvangen varer til ulike tider avhengig av kvar du bur. I fleire av kommunane i Rogaland må du ha hunden i band fram til **31. oktober**.

I enkelte turområde, som **Jærstrendene**, er det bandtvang heile året.

I nokre område er det bandtvang heile året, sjå liste og kart:

- Turområda på kartet
- Fuglefredningsområde
- By- og handleområde
- Nabolag og parkar
- Kyrkjer og gravplassar
- Kulturminne
- Skular og barnehagar
- Leikeplassar
- Idrettsanlegg

Bandtvang betyr at du må halde hunden din i band når du er ute. Du kan òg ha hunden din i eit inngjerda område.

Når du luftar hunden din, må du passe på at den ikkje skaper problem for deg sjølv eller andre.

Derfor er det viktig å trene hunden din godt. Då kan du stole på at den er lydig i alle situasjonar.



Foto: Synnøve Thorvaldsen

Takk for at du følger skilt og alltid har med band på tur.



Foto: Bjørn Mo

Hjelp sårbare dyr ved å gje dei ro til å kvile, ete og hekke.

Kom'an adle i hob!

Viss alle respekterer kvarandre, kan både joggarar, familiar, bønder, surfarar, andre hundeeigarar og fleire bruke naturen saman, utan bekymring.

Hundeluftingsområde er stader der du kan la hunden din gå laus heile året. Men det betyr ikkje at du kan gjere som du vil. Du må framleis følge turvettreglane og ha med band for når det trengs.

Langline kan gje ekstra friheit som inneber ekstra ansvar. Du skal aldri sleppe grepet om lina, og kort den ned i god tid. På beiter med dyr og i fuglefredingsområda er det ikkje lov å bruke langline.

Hundebæs på tur ser ikkje fint ut. Det slit også på vegetasjonen langs stiar. Plukk opp etter deg og kast posen i restavfall etter turen.



Foto: Synnøve Thorvaldsen

Del naturgleda med andre.



Purpurmarihand



Jærtistel



Strandreddik

Plantelivet på Jæren viser ei rik naturhistorie.



Foto: Statsforvaltaren

Jæren har ni offentlege lufteområde i tillegg til private tilbod.

Dei unike Jærstrendene

Jærstrendene landskapsvernområde strekkjer seg frå Tungenes til Oгна. Verneområdet har vakker og sårbar natur av nasjonal verdi som me skal ta vare på saman.

Fuglelivet

Kysten her er eit av dei mest fuglerike områda i Noreg. Om lag 300 ulike fugleartar lever langs fjæra, ved elveutløp, inni skogflekke og på våtmark.

I kystens ro


Mange fuglar kan lett bli skremde og fly langt unna når nokon nærmar seg. Då bruker dei energi på å flykte i staden for å sjå etter mat. Fuglane ved Jæren opplever gjentekne forstyrringar gjennom dagen.

Fuglane si Europaveg


Om hausten flyg vadefuglar frå Arktis sørover til Afrika i tusental. Jærkysten er då ein livsviktig rasteplass for å samle krefter til turen vidare.




Gråhegre




Vipe



Ærfugl




Gravand




Brunnakke



Tjeld



Sivhauk



Storspove



Makrellterne

Fuglar er på Jæren heile året rundt. Forskjellige artar kjem i trekkperioden, hekketida og overvintringsperioden.

Ta omsyn til sauene!

Jæren er Noregs største produsent av mat. Fleire turområde går gjennom beitemark der dyr går ute store delar av året.

Med hund gjennom beite

Husdyr kan bli stressa av å møte hundar. Det kan føre til unødige og farlege situasjonar. Derfor bør du gje husdyra plass så langt det lar seg gjere. Hald hunden i kort band på beite.

Er det så farleg?

Mange tenkjer at så lenge dei har kontroll, eller har ein hund som er liten eller snill, så kan den gå laus sjølv om det er bandtvang.

Eigarane kjenner hunden sin best, men å følgje reglane for band er eit ansvar som gjeld alle like mykje.



Foto: Nono Dimby

Sau toler ikkje å springe lenge. Kjenner dei seg trygge på beite, unngår dei unødige påkjenningar.



Foto: Statsforvaltaren

Dei små og snille turgåarane brukar òg band ute.



Foto: Synnøve Thorvaldsen

Gje kyrne god plass når du ferdast på beite.

Turvettreglar

Når du nyt naturen med hund, hugs å:

- Ta med deg søppel.
- Ikkje gå på åker og tun, eller inntil hus og hytter.
- Ikkje forstyrr dyre- og fugleliv.
- Ikkje forstyrr husdyr.
- Lukk alle grunder etter deg.
- Respekter reglar i friluft- og naturvernområde.
- Respekter andre sitt behov for avstand og ro på tur.
- Ikkje skade planteliv, særleg ikkje sårbar natur.

Dersom det ikkje er bandtvang, er det ikkje påkravd å ha hunden i band, føresetnad at du har kontroll på hunden og turvettreglane vert overhaldt.

Offentlege hundeluftingsområde:

- Hundeskogen i Sola
- Varatun Hundepark i Sandnes
- I Stavanger:
 - **Åsen:** inngjerda område på Sirkustomten.
 - **Sørmarka:** Skilta område i sørøst.
 - **Kvernevik:** inngjerda område i sør.
 - **Storhaug:** inngjerda område på Ramsvik.
 - **Tjensvoll:** inngjerda område ved vannbassenga.
 - **Tasta:** inngjerda område på Tastarustå.
 - **Hundvåg:** inngjerda område ved Balløkka på Lundsneset.
 - **Eiganes:** inngjerda område mellom Breidablikk og Munkehagen.

Turområde med heilårs bandtvang:

Stavanger:

- Heile Stavanger 1.apr. - 20.aug.
- På beite heile året
- Rennesøy og Finnøy
- Rundt Mosvatnet
- Vålandsskogen
- Little- og Store Stokka vatnet
- Vaulen
- Vannassen
- Rundt Møllebukta
- Sørmarka, untatt lufteområdet
- Breivik og Hillevågsvatnet
- Badedammen
- Bjergstedparken

Randaberg:

- Heile Randaberg 1.apr. - 20.aug.
- På beite frå 1.apr. - 31.okt.
- Jærstrendene
- Vistestranden og Litlesanden
- Frå Endrestø til Vistneslykta
- Rundt Hålandsvatnet
- Giljaskogen
- Harestadmyra

Sola:

- Heile Sola 1.apr. - 20.aug.
- På beite frå 1.apr. - 15.nov.
- Jærstrendene
- Storevarden
- Åsen
- Ølbergskogen
- Hålandskogen
- Turveien på Hafrsfjord
- Tananger Havn

Sandnes:

- Heile Sandnes 1.apr. - 20.aug.
- På beite med dyr
- Parkdraget langs Storåna
- Stokkelandsvatnet
- Arboretet
- Melsheia
- Vagleskogen
- Rundt Gisketjernet

Gjesdal:

- Heile Gjesdal 1.apr. - 31.okt.
- På beite med dyr
- Brekko
- Fra Brunnviga til Raudviga
- Neskogen
- Edlandsvatnet
- Langs Figgjoelva
- Edlandshagen / Perlå
- Fra Eikeskog til fjellgården Mån

Klepp:

- Heile Klepp 1.apr. - 31.okt.
- Jærstrendene
- Langs Frøylandsvatnet
- Kleppelunden

Time:

- Heile Time 1.apr. - 31.okt.
- På beite med dyr
- Sandtangen
- Njåskogen
- Stemmen på Frøylandland
- Melsvatnet
- Eivindholstjødn på Bryne
- Tjoatjødn på Lyefjell

Hå:

- Heile Hå 1.apr. - 31.okt.
- På beite med dyr
- Jærstrendene
- Synesvarden
- Rabali
- Rundt Søylandsvatnet
- Rundt Bjårvatn

Område er henta frå verneforskrifter og kommunale forskrifter for hundehald av 2024.

Ver obs på at dei kan endra seg over tid. Sjå kommunens nettsider der du bur.

Nord-Jæren



Markerte område har heilårs bandtvang.



Hunden viser offentlege Hundeluftingsområde.





Låg-Jæren



Markerte område har heilårs bandtvang.



Hunden viser offentlege Hundeluftingsområde.